

Kan vi vente på HAFAST?

Som ein innringar i avisa heilt korrekt peikar på – kan vi stille spørsmål om Hareid kommune skal løyve 50 000 kroner til vidare arbeid for HAFAST utan vidare.

Der der fleire dilemma.

Det største dilemmaet er at medan vi ventar på HAFAST er vi låste på hender og føter til å prekære trafikkproblem i kommunen og elles på øya.

Velviljen til Hafast er i ferd med å forvitre mellom innbyggerane.

Vi vil ikkje ha ein trafikkert veg som snirkclar seg gjennom bustadområder, forbi skular, barnehagar eller langs friluftsområder.

Årsdøgntrafikken har auka til over 6 800 bilar gjennom Hareidsdalen. Berre frå Nettet til Bigset er snittet 630 bilar i døgnet. Hareidsdalen er ein flaskehals for heile Søre Sunnmøre. Hafast vil ikkje løyse dette med berre ei fjordkryssing.

Alt står og fell på eit vis med HAFAST.

Onsdag denne veka kjem **fylkeskommuen** på nytt til Hareid for å drøfte trafikkproblem. Slike møter har ein hatt med jamne mellomrom. Det er farlege kryss gjennom heile Hareidsdalen. Ferjene går kvart tjuande minutt, og den saktegåande køa går både ombord og på land. Bilane og vogntoga køyrer i rasande fart nedover dalen for å rekke ferja, og så sig dei i sakte fart framover etter at andre har kome på land. Dette er jo ikkje berre eit problem for folk i Hareid, men for heile søre luten.

Så det å løyve meir midlar til HAFAST inneber også ein del forventningar. Den lokale viljen kjem med forventningar om at **Hafast og E39 sine talspersonar** må også arbeide for tilkomstane til sjølve kryssinga.

No ser vi at det å legge den planlagde traséen gjennom myrane ikkje berre er problematisk for natur- og dyreliv, men også har konsekvensar knytt til utslepp av karbondioksid. Dette må løysast.

Trafikkauken i Hareidsdalen er ei katterpine for politikarane i seg sjølv. Sjølv om ein ønskjer å støtte Hafast, får vi ikkje planlegge ein realiserbar trasé. Når vi verken bør planlegge gjennom myra eller greier å kome oss unna busetjing, næring og landbruk - må vi planlegge på nytt. Eg trur faktisk vi har eit KST-vedtak som seier at trase ikkje skal kome i konflikt med dette.

Bigset

Eg snakka med Fylkeskomm om nedsett fartsgrense forbi t.d. Bigset skule. Det kan hende der er opning for dette no pga. trafikkauken, ny status for næring innover mot Nettet og bustadar i krysset. Deira kart var ikkje oppdaterte med desse detaljane.

Holstad

Så har vi problemet med Holstadkrysset og kravet om utskifting av masser. Dette låser eit planlagt byggefelt på Brekkane – og under ligg det same svaret frå vegmynda: “Medan vi ventar på E39 er dette ikkje avklart.”

Overå/Hjørungavåg

Hjørungavågvegen har også liknande problem. Der får vi ikkje setje ned fartsgrensa eller gjere trafikktryggingstiltak fordi vegstandarden/typen ikkje tilseier dette – trass i all sunn fornuft. Der går liv igjen om ein ikkje gjer noko.

Rådmannen har lagt inn ein etterlengta **trafikktryggingssplan** i sitt budsjett, og dette er ein føresetnad for fleire av desse tiltaka. Då er vi eit steg vidare. Men har dessverre ikkje tolmod til å vente på NTP/E39/HAFASST for å kome vidare.

Kristian Fuglseth, Folkelista for Hareid kommune